

Saksbehandlar: Kristin Arnestad, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 18/1870-1

Rekruttering og kompetanseheving i landbruket 2018

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutval for næring og kultur vedtek «Plan for rekruttering og kompetanseheving i landbruket 2018» slik den ligg føre.
2. Fylkesdirektør for næring og kultur får i samarbeid med fylkesdirektør for opplæring fullmakt til å tildele midlar i tråd med planen.

Vedlegg:

Vedlegg:

1. Utkast til «Plan for rekruttering og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane 2018»
2. Fylkeskommunane si rolle og ansvar på landbruks- og matområdet, Tilskotsbrev 2018
3. Oversikt over tiltak med kort skildring 2017

Andre relevante dokument i saka:

Regionalt bygdeutviklingsprogram, Verdiskapingsplanen og andre dokument og planar omtala i planen kap. 1.2

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen har ansvar for midlar på landbruks- og matområdet sett av til rekruttering og kompetanseheving. Midlane vert tildelt frå Landbruks- og matdepartementet som løyver summen på bakgrunn av resultat frå jordbruksforhandlingane året før.

Tilskotsbrev datert 16.01.2018 viser at det på landsbasis er sett av 14 mill. kr til rekruttering og kompetanseheving i landbruket som skal forvaltast av fylkeskommunane. Sogn og Fjordane er tildelt kr. 1,12 mill. kr. Tilsvarende summer dei føregåande åra har vore 20 mill. kr. på landsbasis og 1,60 mill. kr. til Sogn og Fjordane.

Reduksjonen heng saman med etableringa av ein ny nasjonal modell for vaksenagronomutdanning. Det er sett av 11 mill. kr. på landsbasis som fylka har høve til søkje på for å finansiere vaksenagronomutdanning. Tidlegare har vi nytta 0,6 mill. kr. frå midlane til rekruttering og kompetanseheving i landbruket til vaksenagronomutdanning. Fylkeskommunen får 0,825 mill. kr. i tilskot til vaksenagronomutdanning på Mo og Øyrane vidaregåande skule i 2018. Det er difor ikkje trong for tilskot frå rekrutterings- og kompetansehevingsmidlane til vaksenagronomutdanning, sjølv om reglane opnar for å nytte midlane til dette. Korrigerer vi for

at vaksenagronomutdanning ikkje har behov for finansiering er det ein auke på 0,12 mill. kr. i midlar til rekruttering og kompetanseheving frå 2017 til 2018.

2. Nærare om arbeidet

Organisering

Ansvar for planarbeidet, tildeling og forvaltning av midlane er lagt til nærings- og kulturavdelinga ved næringsseksjonen, i tett samarbeid med opplæringsavdelinga. Som tidligare år har ei arbeidsgruppe med representantar frå næringsseksjonen og opplæringsavdelinga i fylkeskommunen, fylkesmannen og faglagane frå næringa utarbeidd ein årsplan. Denne gruppa evaluerer også førre års arbeid og resultat, og gjev innspel på fordelingar av midlar. Vi viser elles til omtale av arbeidet, og årsplan i plandokumentet.

Om arbeidet i 2017 og evaluering

I 2017 vart det som året før fordelt midlar i tre hovudgrupper av tiltak: korte kursar for landbruket, nett- og samlingsbasert agronomutdanning for vaksne, og utviklingsprosjekt innan rekruttering og kompetanseheving. Oversikt over alle tilskota finn de i vedlegg. Det er få av tilskota det er sluttrapportert frå enno, sidan mange kursar og prosjekt ikkje er ferdigstilt.

Vi ser at dei korte kursane vert tilpassa behovet og vert endra noko frå år til år. Mo og Øyrane har hatt ein veldig god auke i søkjartal, og om dette held fram har skulen fått godkjenning til å ta inn ein ekstra klasse i 2018. Dei langsiktige rekrutteringsprosjektane har vore sentrale for å auke søkjertala, og det er viktig å halde fram med dette arbeidet. Arbeidsgruppa meiner vi når mange med midlane som er disponible. Det er viktig å ha ein god miks av kortare kursar og meir langsiktige prosjekt, og tilpasse tilbodet til behovet år for år.

Arbeidsgruppa diskuterte i utarbeidinga av plan for 2017 om det skulle gjerast ei meir grundig evaluering av ordningane med tanke på endringar i løpet av 2017. Grunngevingane var mellom anna arbeidet med nytt BU-program i samarbeid med Hordaland. Dette arbeidet er ikkje ferdig. Vi har konkludert med at ordningane fungerer tilfredstillande, og at tidspunktet for ein gjennomgang er betre med tanke på plan for 2019, eller kanskje 2020 med tanke på fylkessamanslåing.

Plan for 2018

Planen følgjer same mal som tidlegare med tekstlege oppdateringar knytt til statistikk, nye styringsdokument og mindre tekstlege endringar. Den store endringa er at vaksenagronomutdanninga ikkje lenger vert finansiert frå desse midlane. Arbeidsgruppa meiner at måla og tiltaka framleis er relevante og har latt dei stå som før.

Det hender vi har restmidlar frå tidlegare år. Dette skuldast enten at tiltaka ikkje har blitt gjennomført som planlagt, eller at tiltaka blir sjølvfinansiert gjennom høg deltaking som gjev auka inntekter frå deltakaravgift. Per no har vi vel 30 000 kr. som kan leggjast på årets løyving. Denne summen kan stige fram mot tildelingstidspunktet.

3. Konklusjon

Plan for rekruttering og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane er rullert. Den store endringa er at vaksenagronomutdanning no vert finansiert frå andre kjelder, elles er det gjort mindre oppdateringar.

For å oppfylle måla i planen meiner fylkesdirektør for næring og kultur at det er nødvendig at alle partar innanfor landbruksnæringa gjer eit godt mobiliseringsarbeid i sine miljø, og på den måten får fram gode tiltak og prosjekt.